

**Kulturdepartementet**  
**Postboks 8030 Dep**  
**0030 OSLO**

## **Høringsuttale om vedtektsendringar og normeringsfullmakter for Språkrådet**

Vi viser til høringsbrev frå Kulturdepartementet 25.06.2012 og takkar for høvet til å kommentere forslaget.

Nynodata utviklar verktøy for omsetting, korrektur og søk på bokmål og nynorsk og har så langt særleg vektlagt nynorsk. Vi har lang erfaring med elektronisk nynorsk og leverer programvare til store delar av offentleg sektor.

Vi stør det meste av innhaldet i høringsforslaget, men ber om to presiseringar.

**§3, andre ledd:** Språkrådet har til no ikkje hatt etablert praksis for godkjenning av elektroniske ordlister eller ordbøker. Utviklinga går i retning av at dei fleste ordlister har elektronisk versjon, anten som supplement til trykt utgåve eller som alternativ til trykt. Vi ber om at også elektroniske lister blir inkludert i godkjenningsordninga.

**§3, fjerde ledd:** Her også ber vi om ei presisering. Grunnen til dette er forslaget styret i Språkrådet sende til departementet i samband med godkjenning av ny nynorsk rettskriving. Der foreslår Språkrådet å arbeide ut ei tilrådd norm innanfor rettskrivinga. Dette går vi imot, og ber om at §3 blir omarbeidd slik at ei slik norm ikkje kan tolkast inn i mandatet.

Vi går imot ei tilrådd norm frå Språkrådet av fleire grunnar:

- Språkrådet har stor autoritet i språkspørsmål og ei tilrådd norm kan fort bli dominerande i faktisk språkbruk. Vi kan då få eit nytt system med A- og B-former, noko den nye rettskrivinga gjekk bort frå då ein fjerna normeringskategorien sideformer.
- Dei ulike dialektane er grunnlaget i nynorsken. Dersom former med rot i dialektane blir lite brukte og ein i staden får ein standardnynorsk, fell delar av grunnlaget for skriftspråket bort. Noko av styrken i nynorsken er nettopp dei valfrie formene, som gjer at nynorskbrukarane kan skrive eit språk som dei identifiserer seg med. Dette trur vi er viktig for å kunne auke bruken av nynorsk lokalt og halde på nynorsk som hovudmål i skulen. Vi er redd for at eit standardisert nynorsk kan føre til flukt frå nynorsken i visse strok av landet.
- I Språkrådet si grunngiving for forslaget heiter det at den tilrådde norma ”kan gjere det lettare for mange privatpersonar å skrive regelrett og stilsikkert”. Dette formålet meiner vi kan oppfyllest på andre måtar. I arbeidet vårt med elektronisk nynorsk har vi har registrert alle valfrie ord- og bøyingsformer og kategorisert og organisert desse. Dei ulike kategoriane kan koplast saman i stilmalar ut frå ulike kriterium. Det kan vere målbruksplan med internt tilrådde former for organisasjonen, generell språkleg stil som konservativ, moderat eller radikal nynorsk, det kan vere geografiske tilpassingar eller det kan vere forlagsmal eller mediemal.

Stilmalane sørgjer for konsekvent språk i valfridommen, for den enkelte brukaren eller for organisasjonen. Men systemet er opent og det er opp til brukarane sjølve eller organisasjonen å velje mal eller lage eigen mal. Slik unngår ein at berre delar av det nynorske ordtilfanget blir synleg i samfunnet. Organisasjonar som kontaktar Språkrådet for rettleiing vil kunne registrere svara inn i sin eigen mal.

Vi ber dykk såleis vurdere om ein ikkje kan nå intensjonen i forslaget frå styret i Språkrådet på andre måtar enn å definere ei offisiell Språkrådsnorm, med dei ulemper denne kan føre med seg. I staden for formuleringa i §3, fjerde ledd, ønskjer vi ei formulering om rettleiingsteneste i Språkrådet, som kan gi tilpassa råd om ord- og formval frå sak til sak og ut frå lokale forhold hos spørjarane.

Bø, 28.09.2012

Bjørn Seljebotn  
Dagleg leiar Nynodata AS